

## Rettleiing til punkt 3 og 5.5 i søknadsskjema for havbeite

### Punkt 3:

Det vert kravd to kartvedlegg: oversiktskart (1:50 000) og eit kart der lokalitet er nøyaktig teikna inn i høveleg målestokk. Sistnemnde kart skal ha posisjonar for N breidde og Ø lengde skrivne på knekkpunkta/ytterpunkta.

### Punkt 5.5:

Dokumentasjonen skal seinare kunne nyttast for å kunne vurdere eventuelle endringar i miljøtilsanden på botn.

Minimumskrav til dokumentasjon:

1. Undervassfotodokumentasjon (video og foto) i fargar av sedimentoverflate (minimum 2x2 meter) i 5 stasjonar (langs diagonalane i det området det er søkt om skal ein stasjon merkjast mellom senter og kvart hjørne, og ein stasjon i senter).
2. Fotodokumentasjon (video eller foto) i fargar av sedimentprøve frå dei same stasjonane. 300-500 milliliter sediment skal takast frå dei øvste centimeter av sedimentet, og hentast til overflata, fordelast utover eit kvitt underlag og fotograferast.
3. Skildring av botnområdet
  - a) Topografi – djupnetilhøve
  - b) Botntype og type sediment – skjelsand, mineralsand
  - c) Makrofauna
    - dominerande dyregrupper (Krepsdyr [taskekrabbe, strandkrabbe, trollhummar osv.]),
    - leddormar/mangebørsteormar,
    - pigghuder (sjøstjerner, slangestjerner, kråkeballar, sjømus osv.),
    - nesledyr (hydroidar),
    - sjøpungar,
    - skjel (kuskjel, knivskjel, sandskjel osv.),
    - fisk
  - d) Mikroflora – tare, tang, trådforma algar osv.